



- Det folk lurar mest på i samband med overgangen til Bank i Butikk er om 'alle' kan sjå kva dei har på konto og eventuelle andre kundeforhold til banken, seier dagleg leiar i SPAR Bente Nilsen til uskedalen.no.

**SPAR har fått ein del spørsmål i samband med at bankfilialen legg ned i april.**

Bente svarar: - Vi i butikken kan ikkje sjå nokon saldoar eller andre forhold, det er det berre kunden som ser.

- Kva er hovudoppgåvene i samband med at SPAR også blir bank?
- Det er uttak opptil 5.000 kroner, innskudd opptil 20.000 kroner, betaling av giroar inn og utbetalingsgiroar.

Vi skal i alle fall gjera vårt beste for at kundene skal bli fornøgde og dei må gjerne ringa hvis noko er uklart. Eg trur vi kan svara på det meste som gjeld kva BIB kan gjera. Men det seier seg sjølv at banken må svara på meir innfløkte spørsmål, seier Bente Nilsen.

Av Ola Matti Mathisen